



Årsrapport nøytralitet for 2021

Vonett AS

1 Om Vonett AS

Vonett AS er nettselskap med monopol på overføring av elektrisk energi i samsvar til sine konsesjonar. Selskapet er dotterselskap i Voss Energi konsernet, og vart skilt ut som eige selskap i 2017. Konsernet har også verksemd innafør kraftomsetning, kraftproduksjon, telekommunikasjon og fjernvarme.

Vonett AS er 100% eigd av Voss Energi AS, som igjen er 100% eigd av Voss Herad.

Vonett har ein aksjepost i Valider AS ,tilsvarande 1,43 % ,som er eigd saman med andre nettselskap. Valider leverer tenester knyta til innsamling og forvaltning av data frå AMS målarar.

Voss Energi AS er morselskapet i konsernet.

Fram til 31/12-2021 var namnet på selskapet Voss Energi Nett AS. Frå 1/1-2022 vart namnet endra til Vonett AS. Namne endringa kom som følgje av ein nasjonal forskrift som stiller krav om skilje mellom nettselskap og anna verksemd i same konsern.

Fagansvarleg for AMS/måling, smartnett er nøytralitetsansvarleg. Han rapporterer til Dagleg leiar.

2 Særskilte fokusområdet

Vonett hadde fram til 2017 felles kundesystem med andre verksemder i konsernet. Då fekk Vonett AS splitta kunde databasen og eige kundesenter. Vonett har eigne telefon nummer i telefonsystemet.

Vonett eig adm. bygget og leiger ut til andre selskap i konsernet. Kontorbygget har eigen tilgangs -kontroll som er administrert av tilsett i Vonett. Vonett har ein del kontorstøttesystem (IT-systema) felles med resten av konsernet. IT ansvarleg er tilsett i Vonett og difor har vi kontroll på tilgangs-styring.

Ved kjøp av tenester internt i konsernet, må Vonett vera spesielt oppmerksom på at nøytralitetskrava er i ivaretatt.

Nettsidene er eit anna fokusområdet der IT ansvarleg har eit spesielt ansvar for og fylgja opp nøytralitetskrava. Det er eit avgrensa mengd personar som kan gjera endringar på nettsida.

Vonett handterer også informasjon på ein måte som gjer at kraftleverandørar ikkje gis konkurransefortrinn. Informasjon til sluttbrukar inneheld kven som leverer kraft i nettområdet, men ingen anbefaling av leverandør.

3 Organisering av Vonett

Vonett har over 12000 nettkundar. Det inneber at vi er underlagt kravet om funksjonelt skilje. Det inneber bla eigen leiing i nettselskapet, som er uavhengig av, resten av konsernet. Vonett har same styret som morselskapet, men ikkje det same som dei andre søsterselskapa.

Nøytralitetsansvarleg er fagansvarleg for AMS/ELHUB/måling og har god kjennskap til kunde data og nøytralitet overfor kraftleverandørar, Jan Olav Opheim.

Samleige medarbeidarar er underlagt taushets plikt og skal ikkje dela selskapsintern eller sensitiv informasjon utanfor selskapet.

4 Sal av tjenester til andre

Vonett sin driftssentral overvakar delar av Voss Energi Produksjon sine kraftstasjonar. Tenesta er og mota alarmer og vidareformidla desse til vaktmannskap i Voss Energi Produksjon.

Vonett sel i avgrensa grad overskot kapasitet til andre.

5 Aktiviteter i 2021

Voss Energi Nett AS skifta namn til Vonett AS. Deler av bilparken, bygningar og arbeidskle har fått nytt namn og logo.

Implementering av nye IT verktøy og web sider har forsett i 2021. Eit av fokusa har våre og sikra at nøytralitetskrava er ivaretatt gjennom tilgangstyring.

Det er ikkje mottatt klager eller registrert avvik knyta til nøytralitet i 2021.